Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39. Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Øksendal

Emne: Högtidsmat ved familiefester Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: A. E. Skrondal Gard: Skrondal

(adresse): Øksendal G.nr. 9 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Födselen.

1. Ja.
2. Det kunne vera ymse med det.
3. Dei samtala med kvarandre om det dei ville ha med.
4. Ein 8.10 dagar etter födselen.
5. Berre ein gong.
6. Før var det graut og vaflor. risgraut rjomegraut - flöytegraut.
7. Vill bort.
8. Grauten vart aust i krus kumar med rosor på og boren til barselgarden i korger.
9. Det vart nemt „sugemat" eller „barsölsgraut".
10. Vanleg var det kona sjölv som gjekk.
11. Mannen var sjeldan med, men hendte det var det ikkje halde for usömeleg.
12. Ja, gjestene skulle ha traktering - og då fekk dei bode fram av dei grautane som var komne før. Veit ikkje om nokor skilnad på tiltakteringa for gut eller gjente.
13. Veit ikkje om serlege nemningar på slike gjestingar.
14. Ukjendt her.
15. Det var berre til gifte dei gjekk.

12433

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16. Etter dei fyrre verdskrigen byrja dei gå med blautkakor - men framleis brukar bondekonone mest graut og vaf-lor.

17. Gåvor har vore bruka både før og no. Det kunne vera strikka labbar og stykke o. l.

18. Som før.

19. Dåpsgjestebod vart halde - og dei som var med her var fyrst og fremst faldrane - og så besteforeldra. Kanskje sysken.

20. Det vart nemt „barsøl".

21. Ja, faldrane hadde gjerne med sendingar.

22. Ingen fast regel for gåvor eller sendingar.

23. Som før.

B. Årmålsdag.

24. Årmålsdagen vart høgtida einskilde gong for borna. (.) For vaksne var det ikkje halde nokort gjestebod i gamle dagar på årmålsdagar.

25. No har det auka på med dette, og med runde tal vert det no ofte store gilde.

26. Til vanleg vert ingen bedne til slike geburtsdagar - dei får koma dei som vil.

27. Ja, no vert det gjerne gåvor - eller og gjerne blautkake.

28. Årmålsdagar for eldre var ukjendt i eldre tider.

29. No vert det böde fram sjokolade og kaffe.

C. Konfirmasjon

30. Konfirmasjonen var ein høgtidsdag i heimen - men ingen gjester var bedne.

31. No er det vanleg med konfirmasjonslag. Dei kom i bruk kring 1915-20.

32. Det er først og fremst faldrane til konfirmanten - sidan besteforeldre og kanskje sysken åt foreldra. Kvar og einst vert bedne om dei bur i nærleiken.

12433

33. No vert det like med blautkake og gjeve gåvor.

34. Gåvor vert gjeve av gjestene.

35. Ingen serskilde retter.

D. Brudlaup.

36. Eg kan ikkje hugsa at det var halde festaröl; men gamle folk har fortald om det.

37. No vert det ikkje halde slike gjestebod.

38. Måltida i brudlaup før på 1 dagen:

a. 1. Frukost når gjestene kom.
   2. Middag når brureferda kom frå kyrkja.
   3. Kaffe etter middagen.
   4. Kvelds mat.

b. Rettar i brudlaups gildet før:
   1. Frukost: Kaffe. vaflor. Smör (store formsmör) brödskivor. Kvinnings graut.
   2. Middag: Sådd av sau eller storfe, og fiskebollar oppi. Flatbröd.
   3. Kaffe med heimbaka småbrød
   4. Kvelds mat. Te med vaflor. Kvinnings. graut smör og brödskivor. Gjerne kjötrull til pålegg.
   Öl var sendt rundt bordet i ölbollar ved middagen og kvelds. mat.

Rettar 2 dre dagen.
   1. Frukost som 1 dagen.
   2. Bruregraut (sjonkegraut)
   3. Kaffe.
   4. Kvelds mat som 1. dagen.

c. Ved kvart brudlaup måtte det vera saltmat (Sådd) og bruregraut. Heimbryggja öl var vanleg.

12433

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

d. Det var fast program for 2 di og 3. dag, 3 dagen lag for hjelparane.

39. Om sendingane i eldre tider veit eg lite - men eg har høyrt fortalt at kjemeisteren køyrde rundt hjå dei bud-ne og henta beiningane.

40. Smøret skulle pyntast, med å leggja det i form.

41. I gamle dagar samla kjemeisteren inn kjøtt, har eg høyrt fortalt.

42. Her var det nemt „beiningar" eller og „beringar"

43. Det var sjølvfolket som kom med dei.

44. Fest eller traktering for beiningsfolk er ukjendt for meg.

45. Også ukjendt.

46. ~~Ho som tok imot beiningane~~ vart kalla „beiningskona."

47. Her er vanleg 2 dagars brudlaups no.

48. Nei - hotellbrudlaup er sjeldan her.

49. Det har vore gjort, men eg har det inntrykk at det har vorte sjeldnare i det sisste

50. Då vert det lite brudlaupsgåvor.

51. Her veit eg ikkje om nokor minne-fest for brudlaup anna enn sylv-brudlaup og gullbrudlaup.

E. Gravøl

52. Dei naraste slektningar til den av-lidne vart bede til gravøl - og elles dei som høyrde til „bølaget".

53. Før var det jamt 2 dagars gravøl med dei sse måltider.

12433

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



53. Framhald:
1. dagen: Frukost Kaffe - smör og brödskiver
Middag - Sødd med flatbröd
Kaffe - med småbröd
Kveldsmat Te. Smör og brödskivor - vaflor. [illegible] graut
57. Maten vart servert ved langbord.

55. Ukjendt atterhald her.

56. Hovudmåltidet var middagsmaten Sødd.

57. Altid haldi i heimen her.

58. Gjestene hadde sendingane med seg når dei kom

59. Nei, nokor spesiell pynting veit eg ikkje om foruton formsmör.

60. Ukjendt her.

61. — " —

62. Det var etter århundrodskiftet at sume byrja gjera av gravølet på ein dag. Og i den seinare tid er det og skipa slik at ingen vert bedne - dei får koma kven som vil. I slike høve vert det ikkje servert middag.

63. På gravøl merkjer ein ikkje no nokor alkoholbruk, og bryggjing av maltøl til ~~[illegible]~~ gravøl er det slutt med.

64. Nei, tvert om. - Gravølskikkane er det som har brigda seg mest

65. I mange høve møtest folk på kyrkjegarden eller i kyrkja. Men ~~på~~ ved gravøl på gardane får gjestene ein kopp kaffe og mat før ein fører den avlidne til kyrkjegarden. Etter ein kjem heim att vert det bode til middag, og så kaffi attpå. Dermed er gjestebodet slutt.

12433

66. Alkoholnyting på gravøl er det slutt med.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

67. Nei, det er ukjendt her av gode grunnar: Her finst ikkje hotell.

68. Slik innbyding førekjem ikkje.

69. Lysing om dødsfall har vore brukta i dei siste 50 år.

F. Nye fester

70. Nei, her er ingen tradisjon for matstell den 17de mai.

71. Morsdagen har vore halde både i heimane og i møtehus. Denne skikken vart teke ibruk i mellomkrigstida (1935 eller så)

72. Farsdagen er lite merkt.

73. Nei, det er ingen reglar for matstellet.

74. Bakarar har me ikkje i Ølensvåg men i bladet ser me lysingar med framstande tilbod om mat og gåvor til mors- og farsdagen.

75. Truleg var det blada som gav mest orsak til at desse dagane vart teke ibruk.

12433